



Delar av betjeningen får innføring i bruk av sjølvbetjeningskassane.

I ettermiddag vart dei fire nye sjølvbetjeningskassane tatt i bruk på Spar Uskedalen. Ein av dei første til å ta dei i bruk var 72 åringen Reidar Myklebust. - Dette er utruleg enkelt! Nokre meiner kanskje det er unødvendig, men dette er framtida, sa han og bygde det på mykje og god erfaring frå Bergen.



Kjersti N. Børve bestod kurset med glans!

Med ombygginga er kassatalet i butikken blitt dobla frå 3 til 6, og dei har framleis 2 manuelle kassar. Vi vil sjølvsagt møta den koselege betjeninga i butikken også i framtida. Men det er ikkje tvil; køen vil gå endå raskare.

Ombygginga har gått raskt. Etter at eigar-trioen med ektemenn flytta gjerde og handlevogner forrige helg, starta Sotra-firmaet, Butec, som er spesialistar på butikkinnreiing og kassadiskar med arbeidet å få på plass dei nye kassane i går, onsdag. Dette firmaet starta starta opp for 12 år sidan, og har heile Vestlandet som sitt oppdragsområde. Det var dei som stod for innreiinga under utvidinga av butikken for 5 år sidan, og det var også dei som var på Spar Valen då dei nyleg oppgraderte butikken sin.



Butec, her representert ved Kenneth Martinsen, starta oppbygginga onsdag.



Jan I. Kamfjord frå Visma Retail programmerer kassane og tar siste finpuss.

I dag føremiddag var Butec ferdige med sitt arbeid, og dei nye kassadiskane på plass. Elektrikkarar frå Kvinnherad Elektro stod for tilkoblinga før Jan I. Kamfjord frå Visma Retail stod for finishen. Han stod for programmering, fekk anlegget opp å gå, og hadde opplæring for dei tilsette.

Ein av dei første som nytta seg av sjølvbetjeningskassane var stamkunde Reidar Myklebust. Han var storleg

fornøgd og anbefalte undertekna å bruka det.

'Det er utruleg enkelt! Eg har brukt det mykje i Bergen, og det går så kjapt og greitt,' sa han og la til, 'det er endeleg dei som meiner det er unødvendig, men dette er framtida. Det vil nok fleire oppdaga når det har gått seg til' Etter Reidar kom ungdommane Stine Soldal og Caroline Kjerpeseth. På ein blunk var dei ferdige, men så hadde dei også gjort det før.

Sidan Reidar Myklebust lova støtte, våga også undertekna på å prøva seg med ein pose clementiner. Ja, dette gjekk enkelt greitt og smertefritt. Veking, skanning, betaling og portopning. Alle instruksjonar kom på displayet og Reidar trong eg berre som moralsk støtte. Eg er sikker på at professoren aldri hadde hatt det så enkelt i undervisning.

På bilda nedanfor kan vi følgja Reidar gjennom kassen som ei enkel innføring.



Reidar skannar varene sine.



Reidar legg dei ferdigskana varene fint frå seg på brettet.



Reidar trykker koden og betaler med kort.



Reidar tar med kvitteringar og går med stødige steg mot porten.



Smilande opnar han porten med strekkoden på kvitteringa og går fornøgd heim til Ellen med varene.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland